

## Møtereferat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 18.01.2024  
**Tid:** Kl. 18.30 - 21.00  
**Ord for dagen:** **Olav Mark 1,9-12**

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller 913 47 802.

Lillianne Drønen Jæger møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	Xleiar
Anne Marie Røed	Xnestleiar
Tom Rydland	Xmedlem
Anne Kristin Skår	Xmedlem
Håkon Rydland Sæbø	Xmedlem
Mette Elisabeth Lambach	Xmedlem
Bård Inge Bø	Xmedlem
Kari Raunholm	Xmedlem
Olav J. Oma	Xsokneprest
Gisle Levåg	Xkommunal representant
Lillianne Drønen Jæger	X1. vara

Fitjar, 12.01.2024

Svein Lunde  
soknerådsleiar

Harald Rydland  
kyrkjeverje

## Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2024/01	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2024/02	012.1	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 7.12.2023	X
2024/03		Orientering om arbeidet i soknet	X
2024/04		Detaljbudsjett for 2024	X
2024/05		Årsplan for soknerådet 2024	X
2024/06		Økonomisk støtte til deltakarar på kyrkjelydsturar	
2024/07		Oppnemning av nemnder og utval	
2024/08		Meldingar / open post	X

### Sak 2024/01 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

### Sak 2024/02 012.1 Referat frå sist møte

#### Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 7.12.2023.

### Sak 2024/03 Orientering om arbeidet i soknet

Soknepresten og kyrkjevevja legg fram ei kort orientering om arbeidet.

- Sidan sist i kyrkja
- Gudstjenester – alle juledagene
  - o 2. juledag
  - o Nyttårsaftan gudsteneste og nyttårsfeiring på bedehuset
- Gravferder etter jul
- Statistikk

Kyrkjevevja:

- Jan tilbake i kantorstillinga og Harald i 50% kyrkjevevje.  
No held ein endå på med å omorganisere litt av arbeidet i kyrkja.  
Målet at alle har kjekke oppgåver
- Planleggingsdag for staben neste veke arbeidsfordeling og aktivitetar
- AU skal på fellesråds kurs 30. januar i Bergen
- Stiftsdagar i Bergen 6. og 7. februar, for alle tilsette.
- Gravplassforvaltning, alt har gått etter planen, men rekneskapet er ikkje ajour enno.

- Få i gang prosjekta på gravplassen. Der er område der det er plass til nye graver. Men det må startast å arbeida med no.

Kommentarar til orienteringa:

Innspel om at barnehagegudstenesta til jul er sakna.

AU får i gang planane for gravplassen, helst i februar.

#### **Vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

#### **Sak 2024/04 Detaljbudsjett for 2024**

Kommunestyret vedtok på møte den 12. desember 2023 å løyva kr. 2.908.400 i driftstilskot til kyrkja for 2024. I denne summen ligg kr. 10.000 for at kyrkja skal ta seg av sommarstell av kolerakyrkjegarden på Vestbøstad.

I soknerådet sitt budsjettframlegg for 2024 var det lagt inn behov for kommunalt driftstilskot på kr. 3.044.200. I detaljbudsjettet som no skal vedtakast må soknerådet anten kutta i utgiftene, auka inntektene eller bruka av disposisjonsfondet for å dekkja differansen på kr. 135.800.

Fitjar sokn har om lag kr. 1.5 mill. ståande på ubunde disposisjonsfond. Så langt me kjenner til skal det ikkje vera behov for å bruka ein større del av dette fondet framover. Kyrkja i Fitjar vert driven på ein nøktern måte, med stort innslag av frivillig arbeid.

Sidan budsjettet i utgangspunktet må reknast som nøkternt, vil det ikkje vera heldig å kutta i driftsbudsjetta for alle dei gode tiltaka som vert utført i kyrkjelyden. Difor vil eg rå til at soknerådet vedtek å styrka budsjettet ved bruk av disposisjonsfondet for å sikra økonomisk balanse i 2024.

Kommunestyret har og løyvd pengar til kyrkja i investeringsbudsjettet. Her er det etablering av minnelund, fornying av gravfelt og bygging av vognskjul som er prioritert dei neste to åra. For 2024 og 2025 er det sett av kr. 1.330.000 til desse føremåla. Soknerådet vil få desse prosjekta opp som eigne saker før investeringane vert iverksett.

**Kommentar:** Det vert gått grundig gjennom budsjett og førebels rekneskap. Det er ynskjeleg at gåver som vert gjevne til eit spesifikt arbeid er det viktig at desse pengane går til det det skal, avsett til bundne fond.

#### **Vedtak:**

1. Soknerådet styrker budsjettet for 2024 ved å løyva kr. 135.800 frå ubunde disposisjonsfond. Detaljbudsjettet vert elles godkjent slik det var sett opp hausten 2023.
2. Soknerådet ber om å få investeringsprosjekta på gravplassen opp som eigne saker før prosjekta vert iverksett.

#### **Sak 2024/05 Årsplan for soknerådet, 2024**

Det har vore vanleg at soknerådet set opp ein plan for kva saker som skal behandlast av soknerådet i løpet av året. Soknerådet sin møteplan for første halvår er alt fastsett. Nokre av sakene er slike som kjem att kvart år, gjerne med fastsette fristar for rapportering m.m. Utanom desse kan soknerådet sjølv eller dei tilsette i kyrkja ta initiativ til saker som soknerådet bør ta hand om. Utkast til årsplan vert lagt fram til drøfting og vedtak i møtet. Årsplanen for 2022 vert lagt ved som døme på korleis ein årsplan kan sjå ut.

**Merknader:**

- Frivilligfest må koma med på planen som er lagt ved innkallinga. Ha denne ikkje så langt unna den kommunale festen for frivillige knytt til frivilligsentralen.
- Vedtekter for gravplass må oppdaterast, mellom anna skal det vera plass til muslimar, og andre med spesielle krav til gravferd.  
Investeringsbudsjett og gravplass inn på februar møtet.
- Årsmøtet vert lagt til 26. mai etter gudstenesta.
- Få inn at soknerådsmøta og kan vera andre stader, for eksempel i barnehagen.
- Utarbeida eit økonomireglement – med vedtak i mai
- Økonomirapportering – juni.

**Vedtak:**

Soknerådet godkjenner årsplanen for saker som skal til behandling i rådet gjennom 2024 med dei endringar som kom fram i møtet, den blir revidert ved behov.

**Sak 2024/06 Oppnemning av nemnder og utval**

På soknerådsmøte i november drøfta rådet arbeidet med evt. utskifting og nyrekruttering av medlemmer til dei ulike råda og utvala som arbeider i kyrkjelyden. Det vart ikkje gjort vedtak i saka på novembermøte. På sist møte i arbeidsutvalet vart saka løfta fram att. Etter det har leiar, nestleiar og soknepresten gjennomført ei kartlegging på kven som kan tenkja seg å halda fram, og spurt nokre nye kandidatar om å vera med. Dette vil dei orientera nærare om på møtet. På grunnlag av dette kan det liggja til rette for at soknerådet alt på dette møtet kan oppnemna nokre av nemndene for dei neste fire åra, medan nokre av oppnemningane truleg må gjerast i eit seinare møte.

Nedafør tek me med lista over nemndene som vart lagt fram på møte i november.  
Status for dei ulike nemndene såg då slik ut:

**Gudstenesteutval**

Olav

Jan,

(Håkon i tenkeboks)

Dagfinn tenkjer.

**Trusopplæringsutvalet**

Randi L. Matre (referent)

Anne Marie Røed

Hilde Karin V Eiken

Birgitte D. Brenne

Torunn Aarskog

**Babysong og Småbarnstreff skal diskuterast i trusopplæringsutvalet**

Randi Matre

Elisabeth Moldestad

Helga Rimmereid

Anne Grethe Hatlevik, medhjelpar med praktiske oppgåver

Åshild Vestbøstad, medhjelpar med praktiske oppgåver

**Tentreff** sjølvstendig styre som ikkje blir sett opp av sokneråd.

Dagfinn Brekke

Håkon Rydland

Anne Marie Røed  
Ellen Rolfsnes  
Randi Matre  
Andre` Olsen Aadland

#### **Diakoninemnd**

Olav J. Oma  
Halvard Wiik  
Inger Marie Gilje  
Grete Sætre (2 år til)  
Annbjörg S. Tvedt (2 år til)  
Hilda Gloppen  
Ny: Kari Raunholm

#### **Misjon**

Herman Inge Aadland  
Eldbjörg Vikene  
Sigrunn Vik Nilsen

#### **Temakveldgruppa (sjølvoppnemnd)**

Eli Simonsen  
Anne Britt Tornes  
Benedicte Meyer  
Kari Bjørndal

#### **Kyrkjeblad**

Olav Oma  
Rolf-Atle Rolfsnes  
Torbjørn Hovland  
Roald Drønen  
Karvel Strømme  
Herman Inge Aadland  
Gerd Marit Lunde (Olav spør)

#### **Frivillignemnd**

Ingen med per no, manglar det eit mandat, kva skal dei gjere?  
Skal strategiplanen opp til revisjon må vi sjå på denne nemnda på nytt.

#### **Nemnd for bygg og anlegg**

Rasmus Fitjar  
Harald Rydland  
Eilif Bjørge  
Tom Rydland

#### **Kyrjekaffi (15)**

Mette Elisabeth Lambach blir koordinator for denne lista.

#### **Nattverdmedhjelparar:**

Lars Rydland  
Svein Lunde  
Sven Harald Nilsen

Bjørn Skumsnes  
Ny: Bjarne Kvernenes

#### **Kappenemnda**

Britt Padøy  
Ingrid Træet

#### **KN- Fasteaksjon**

Randi Lønning Matre har det lokale ansvaret for aksjonen. Diakoninemnda er med.

#### **Bakken barnehage**

Anne Kristin Skår er oppnemnd til samarbeidsutval

#### **Klokkarar**

Anne Britt Tornes  
Torunn Aarskog  
Harald Johan Sandvik  
Helga O Aadland  
Sigrid Marie Fangel

#### **Kyrkjetenarar**

Kjetil Hagevik Ragde  
Kaia Grimen  
Asbjørn Raunholm  
Lars Rydland  
Sigrun Vik Nilsen

- Supplere med tanke på kveldsarrangement? Dette er ikkje gjort, men det må vi sjå vidare på. I vår er Jan Overweg inne som lyd og kyrkjetenar på temakveldane.

#### **Kyrkjevertar**

Der er 14 kyrkjevertar.  
Soknerådet er fordelt inn utover våren.

#### **Ad hoc utval**

- Kyrkjelydsweekend i år er det; Svein Aarbø, Anne Kristin Rydland og Helga Rimmereid. Her er det ynskjeleg at eit medlem av soknerådet, Håkon Rydland Sæbø.

#### **Vedtak:**

Nemndene er vedtekne slik det står over.

#### **Sak 2024/07 Økonomisk støtte til deltakarar på kyrkjelydsturar, (drøftingssak)**

Kyrkjelyden arrangerer årleg fleire turar, både i eigen regi og i samarbeid med andre. Her kan me nemnda weekend på Helgatun, familiehelg på Solgry og diakoniturar. Dei siste åra har det for nokre av turane vore med deltakarar som har fått økonomisk støtte frå soknet til turen. Dette har vorte godt motteke frå dei som har fått tilbodet, og den økonomiske støtta har gjerne vore avgjerande for at dei kunne vera med på turen.

Soknerådet sitt arbeidsutval ynskjer at soknerådet tek ei drøfting på om kyrkjelyden skal ha eit tilbod om økonomisk støtte til slike formål, og i så fall korleis dette skal praktiserast. Det kan stillast mange

spørsmål rundt ei slik ordning, om rettferdig behandling og kor vidt ordninga skal vera kjent for alle. Arbeidsutvalet vil difor utfordra soknerådet til å ta eit ordskifte rundt m.a. desse spørsmåla:

- ✓ Bør soknerådet i det heile ha ei ordning med økonomisk støtte til utvalde deltakarar på kyrkjelydsturar?
- ✓ Skal kyrkja kunngjera at det finst ei slik ordning før turane finn stad?
- ✓ Skal det setjast av ein sum pengar som vert fordelt likt mellom dei som søker om støtte, eller skal det vera ei form for behovsprøving?
- ✓ Kven skal evt. avgjera kva deltakarar som kvalifiserer til å få støtte?
- ✓ Kor skal pengane til ei slik støtteordning komma frå?

**Vedtak:**

Det blir ei støtteordning. AU får rett til å laga eit reglement for dette. Ordninga kan evaluerast av soknerådet årlig.

**Sak 2024/08 Meldingar / open post**

AU vil ha møta sine 14 dagar før soknerådsmøte.

**Skrivar**

Olav J. Oma

---